



Arkivnr: 2015/5700-11  
Saksbehandlar: Bertil Søfteland

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		28.03.2019

## Justert møteplan hausten 2019 etter konstituerande fylkesting for Vestland fylkeskommune

### Samandrag

Det vert med dette lagt fram justert forslag til møteplan for hausten 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, dei faste utvala og administrasjonsutvalet. Dei andre fylkeskommunale organa som ikkje er tekne med her, må sjølve vurdere å endre møteplanen sin.

Fellesnemnda vedtok i møte 13.03.2019 at konstituerande fylkesting for Vestland fylkeskommune blir 15. og 16. oktober 2019. Fellesnemnda vedtok samstundes møteplan for hausten 2019 for fylkesting, fylkesutvalet, dei faste utvala og finansutvalet. Frå og med konstitueringa av fylkesting for Vestland fylkeskommune vil Hordaland fylkeskommune sitt ansvar og mynde være avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda.

**Økonomi:** Dei samla midlar til møteverksemda vil haldast på eit tenleg nivå.

**Klima:** Ingen verknader.

**Folkehelse:** Ingen verknader.

**Regional planstrategi:** Ingen verknader.

### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtek justert møteplan for hausten 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, utvalet for kultur idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse, utvalet for miljø og samferdsel og administrasjonsutvalet slik det går fram av side 3 i denne saka.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 21.03.2019**

Etter dagens kommunelov § 32, er det organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ.

Fellesnemnda for Nye Vestland fylkeskommune vedtok i møte 13.03.2019 møteplan for hausten 2019 for fylkesting, fylkesutval, hovudutvala, finansutval, fylkesvalstyre og valnemnda.

Valet til Vestland fylkesting er 09.09.2019. Fellesnemnda vedtok at fylkesvalstyret, som er personsamanfallande med Fellesnemnda, godtar valet i møte 18.09. Konstituerande fylkesting vart fastsett til 15. og 16. oktober 2019. På dette tingsete vil fylkestinget mellom anna velje fylkesordførar, fylkesvaraordførar, leiare og nestleiara samt medlemmer til dei folkevalde organ. Fellesnemnda vedtok at finansutvalet skal ha sitt første møte 24.10 for å føre vidare arbeidet med forslag til budsjett som skal endeleg vedtakast på fylkestingsmøte som ble vedtatt til 17. og 18. desember 2019. Dei fire hovudutvala skal etter vedtak frå Fellesnemnda ha sitt første møte den 12.11. Fylkesutvalet skal ha sitt første møte 06.12.

Inndelingslova § 27 anna ledd slår fast at funksjonsperioden for kommunestyra og fylkestinga i dei kommunane og fylkeskommunane som skal slåast saman, varer inntil tidspunktet for iverksetjing av samanslåinga eller delinga som nemnt i § 3 andre ledd bokstav b. Deira ansvar og fullmakter er likevel avgrensa til det som er nødvendig for å avslutte verksemda i dei eksisterande einingane

Departementet har i tolkingsuttale av 17.10.2018 gitt nokre rammar for korleis inndelingslova § 27 anna ledd skal forståast. Departementet legg til grunn i uttala at dei eksisterande kommunestyra og fylkestinga fortsatt må vere ansvarleg for den daglege drifta i kommunen og fylkeskommunen og for tenestetilbodet til innbyggjarane fram til iverksetjing av samanslåinga 1.1.2020. Dei eksisterande kommunane og fylkeskommunane må kunne fatte både administrative og politiske vedtak som er nødvendig for å halde drift i kommunane og fylkeskommunane i gang. Samstundes er kommunane og fylkeskommunane i ein avslutningsfase, og når inndelingslova § 27 anna ledd uttaler at ansvar og fullmaktar til eksisterande kommunar og fylkeskommunar er avgrensa til det som er «*nødvendig for å avslutte verksemda*», taler dette for at det må leggjast til grunn ein lojalitetsplikt mellom eksisterande kommunar og fylkeskommunar og ny kommune/fylkeskommune. Dette betyr at eksisterande kommunar i denne perioden må unngå å fatte inngripande vedtak som binder ny kommune/fylkeskommune i unødvendig grad. Departementet legg også til grunn i uttalen at det vil vera nødvendig å foreta ein nærare avgrensing av ansvar og mynde i denne perioden. Ein slik avgrensing må likevel gjerast av samanslåingskommunane/fylkeskommunane. Departementet tilrår i uttalen at samanslåingskommunane/fylkeskommunane aktivt må ta stilling til kva saker som bør handsamast i kva kommunestyre/fylkesting dei to siste månadene før samanslåingstidspunktet.

Med utgangspunkt i det som er skrevet ovanfor vil konst. fylkesrådmann foreslå at oppsette møte i fylkesting og fylkesutval blir oppretthalde. Når det gjeld dei tre hovudutvala vil konst. fylkesrådmann foreslå at dei beheld eit møte kvar. Møtet vil etter forslaget vere i november slik at ein kan få saker via fylkesutvalet før fylkestinget i desember.

Når det gjeld administrasjonsutvalet vil Konst. Fylkesrådmann foreslå at det ikkje vert møte etter konstituering av Vestland fylkesting i 2019.

JUSTERT POLITISK MØTEPLAN HAUSTEN 2019 – HORDALAND FYLKESKOMMUNE			
UTVAL	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
Fylkesting	01./02		10.
Fylkesutval	31.	21.	19.
Utval for opplæring og helse		12./13.	
Utval for miljø og samferdsel		06.	
Utval for kultur, idrett og reg. utvikl.		12.	
Administrasjonsutvalet			

## **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.03.2019**

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Fylkesutvalet vedtek justert møteplan for hausten 2019 for fylkestinget, fylkesutvalet, utvalet for kultur idrett og regional utvikling, utvalet for opplæring og helse, utvalet for miljø og samferdsel og administrasjonsutvalet slik det går fram av side 3 i denne saka.